



21 konfirmantar samla i kyrkja i dag.

**Ei mest fullsett kyrkje fekk i dag vera med på konfirmantpresentasjon og utdeling av kyrkjebok til 4, 5 og 6 åringane. Kyrkje var pynta med ballongar i gangen og på Preikestolen. Salmene og all formidling av lagt opp med tanke på at gudstenesta var ein viktig del av trusopplæringa. Trusopplærar, Toril Langeland, saman med soknepresten og kantoren hadde regien og stod for gjennomføringa.**

Nær 20 born med alderen 4, 5 eller 6 år møtte fram i kyrkja for å motta kyrkjeboka og ei gåve. Alle namna vart lesne opp og borna vart kalla fram i koren. Før det hadde Toril Langeland fortald og synt bilete frå likninga om den gode gjetaren. Borna likte godt at det heile vart illustrert med to kosedyr, to saulam, som låg på pianoet og kikka ned på kyrkjelyden.



4, 5 og 6 åringane fekk kyrkjebok og ei lita gåve.

21 konfirmantar med sin konfirmasjon i 2019 er eit høgt tal til å vera i Uskedalen. På sjølve konfirmasjonssundagen vert gruppa delte i to. Dette vert gjort for at konfirmantane med deira familiar og gjester skal få plass i kyrkja. Soknepresten la vekt på at konfirmantane i Uskedalen er ei fin gruppe. Ho fortalde kort om overgangen til ny prest når ho no sluttar og tek til i ny pestestilling i Sandnes.

Avskjedsgudstenesta for Lina vert sundag 18. november. Gospelekoeret Abraham vert med på markeringa.

Takkofferet i dag gjekk til Småbarntreffet på Bedehuset.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ballongane i gangen og på preikestolen skapte merksemd og stemning. Det er truleg fyrste gongen i kyrkja si soge at preikestolen er pynta med ballongar.